

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

**Benthe Bondhus (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet rår til konsesjon.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
3. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossekall.
4. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røyrgater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Av omsyn til miljø, natur og friluftsliv frårår fylkesutvalet «Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk».
2. Dersom NVE likevel skulle seie ja til tiltaket, føreset fylkesutvalet at følgjande føresetnader vert innfridde:
3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
4. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossekall.
5. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røyrgater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.»

### Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 1 fekk 13 røyster (Sp, A, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 2, 3 og 4 vart samråystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til konsesjon.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
3. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode

levetilhøve for fossekall.

4. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært tuområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røyrgater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.